



Analyse av kostnader i barnehagane i 2010

SIGBJØRN HJELMBREKKE OG TROND ERIK LUNDER

TF-notat nr. 50/2011

TF-notat

Tittel:	Analyse av kostnader i barnehagane i 2010
TF-notat nr:	50/2011
Forfattarar:	Sigbjørn Hjelmbrekke og Trond Erik Lunder
Dato:	24.11.2011
Gradering:	Ingen
Antal sider:	53
Framsidedfoto:	privat
ISBN:	978-82-7401-486-2
ISSN:	1891-053X
Pris:	140,- kr
	Kan lastast ned gratis som pdf frå telemarksforsking.no

Prosjekt:	Analyse av kostnader i barnehager 2010
Prosjektnr.:	20110460
Prosjektleiari:	Trond Erik Lunder
Oppdragsgjevar:	Kunnskapsdepartementet

Resymé:

Dette notatet tek utgangspunkt i eit utval kommunar, og studerer kostnader i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar – ordinære og familiebarnehagare. Me finn at kommunale barnehagar i 2010 har kostnader på 51,41 kr per opphaldstime, ordinære, ikkje-kommunale på 43,17 og private familiebarnehagar på 38,45. Vidare prøver me å forklara variasjonen i kostnader med variasjon i andre variablar.

Telemarksforsking, Boks 4, 3833 Bø i Telemark. Org. nr. 948 639 238 MVA

Forord

Som det følger av tittelen, presenterer vi i dette notatet analyser av kostnader i barnehagene. Notatet viderefører serien av årlige kostnadsanalyser gjennomført av Fürst og Høverstad. Vi har forsøkt å legge oss tett opp til de tidligere rapportene for å beholde kontinuiteten i rapportserien. Dette har til tider vist seg å være utfordrende fordi det alltid vil være detaljer i beregningsarbeidet som ikke kommer frem i en rapport. Der det er usikkerheter rundt sammenlignbarheten med tidligere årganger, har vi omtalt dette. Vi vil også takke Roland Fürst som har vært behjelpelig med svar på våre spørsmål om tidligere resultater.

Kunnskapsdepartementet har vært oppdragsgiver for dette prosjektet som også omfatter TF-notat nr. 15/2011 og TF-notat nr. 51/2011. Kontaktpersoner hos oppdragsgiver har vært Karin Vikne og Øyvind Kaspersen.

BØ, 24.11.2011

Trond Erik Lunder
Prosjektleder

Innhold

Samandrag	7
1. Innleiing	9
1.1 Bakgrunn og mandat	9
1.2 Framgangsmåte	9
1.2.1 Data	9
1.2.2 Litt om utvalet	10
2. Kostnader i kommunale barnehagar	13
2.1 Framgangsmåte	13
2.2 Samla kostnader og kostnader per opphaldstime	14
2.2.1 Kostnader i 2010	14
2.2.2 Kostnadsutviklinga 2004–2010	19
3. Kostnader i ikkje-kommunale barnehagar	21
3.1 Kartlegging av kostnader	21
3.2 Samla kostnader og kostnader per opphaldstime i ikkje-kommunale barnehagar	22
3.2.1 Samansetninga av kostnadene	22
3.2.2 Kostnader per korrigerede opphaldstime i dei ikkje-kommunale barnehagane	24
3.2.3 Kostnadsutviklinga 2004–2010	27
4. Samanstilling og analyse	29
4.1 Samanstilling av kostnadene mellom barnehagetypane	29
4.2 Kva kan forklara kostnadsvariasjonen?	31
4.2.1 Variasjon mellom barnehagetypar	31
4.2.2 Variasjonar mellom barnehagar	35
5. Overslag over nasjonale kostnader til barnehagar	43
6. Finansiering av kostnadene i barnehagane i 2010	47
Referansar	49
Vedlegg	51

Samandrag

Dette notatet er eit framhald av dei årlege rapportane Fürst og Høverstad har produsert gjennom ei årrekke. Me tek utgangspunkt i det same utvalet av kommunar som Fürst og Høverstad for å få tal som i størst mogleg grad kan samanliknast over tid. Grunnlaget for utrekningane er rekneskapstal for 2010, saman med årsmeldingar for 2009 og 2010.

Nettoutvalet er i år sett saman på denne måten:

- Alle kommunale barnehagar i 47 kommunar og dessutan tre bydelar i Oslo
- 387 private, ordinære barnehagar
- 150 private familiebarnehagar

Me kjem fram til følgjande gjennomsnittskostnader per opphaldstime og per heildagsplass i 2010:

	Kommunale bhg.	Ordinære, private bhg.	Private familiebhg.
Kostnader per korrigert opphaldstime, ordinær drift	46,51	42,70	38,32
Kostnader per korrigert opphaldstime, særskild tilrettelegging	4,90	0,48	0,13
Sum kostnader per korrigert opphaldstime	51,41	43,17	38,45
Omrekna til kostnader ekskl. særskild til- rettelegging per heildagsplass			
For born 0–2 år	200 915	184 443	165 552
For born 3–6 år	100 457	92 221	82 776

Det er dei private, ordinære barnehagane som har hatt størst kostnadsvekst frå 2009 til 2010, til liks med året før. Veksten var her på 4,6 prosent mot 3,5 i familiebarnehagane og 2,3 i kommunale barnehagar. Dette føyer seg inn i eit mønster gjennom fleire år: frå 2001 til 2010 ser me ei konvergering der dei ulike barnehagetypane stadig nærmar seg kvarandre i kostnadsnivå. I kapittel 4 kan ein lesa meir om denne utviklinga.

I avsnitt 4.2.1 presenterer me utviklinga i ein del variablar.

- Som tidlegare år er bemanninga høgare i kommunale barnehagar enn i private.
- Kommunale barnehagar held stand som dei med størst personalkostnader per årsverk, medan familiebarnehagane har lågast slike og dessutan minst vekst frå året før.
- Den eintydige trenden med stadig færre deltids plassar held fram i alle barnehagetypane.

- Både kommunale og private, ordinære barnehagar vert stadig større målt i timetal.

Vidare prøver me i avsnitt 4.2.2 å finna ut kva for variablar som påverkar kostnadene. Me nyttar regresjonsanalysar for å setja lys på spørsmålet frå ulike vinklar. Nokre av dei viktigaste resultatane er:

- Kostnadene ved ein heilårs plass for eit born over 2 år er om lag 22 000 kroner høgare i kommunal enn i privat, ordinær barnehage. Det er personalkostnader som utgjer skilnaden.
- Resultata våre stør tidlegare funn som tilseier at faktoren for vektning av småborn er for høg. Små born får i snitt 40–60 prosent større personalressursar enn store og dobbelt så store andre ressursar.
- Born som får ekstra ressursar på grunn av nedsett funksjonsevne kostar i snitt 80–90 prosent meir enn andre born.

I kapittel 5 reknar me ut, med utgangspunkt i utvalet vårt, kor store dei samla kostnadene for barnehagesektoren er. Me kjem til ein totalsum på 39,8 mrd. kroner i 2010. Dette er 7,3 prosent høgare enn i 2009. Talet på korrigerte opphaldstimar har auka med 3,3 prosent i same perioden.

	Kommunale barnehagar	Andre offentlege barnehagar	Private, ordinære barnehagar	Private familiebarnehagar	Sum alle barnehagar
Korrigerte opphaldstimar 2009	423 738 912	5 154 624	357 236 059	28 241 933	814 371 528
Korrigerte opphaldstimar 2010	435 901 848	3 630 312	376 737 529	25 317 959	841 587 648
Endring i prosent	2,9 %	-29,6 %	5,5 %	-10,4 %	3,3 %
Sum nominelle kostnader i 2009 (1000 kr)	21 119 842	256 915	14 710 717	1 045 902	37 133 376
Sum nominelle kostnader i 2010 (1000 kr)	22 409 714	186 634	16 263 759	973 476	39 833 583
Endring i prosent	6,1 %	-27,4 %	10,6 %	-6,9 %	7,3 %

I kapittel 6 ser me på finansieringskjeldene i sektoren. Den delen av finansieringa som kjem frå foreldrebetaling, har gått noko ned for alle barnehagetypane. Det kommunale tilskotet går ned som andelen totale tilskot for dei kommunale barnehagane, men går opp for dei to typane private barnehagar. Andelen statstilskot har endra seg lite.

135 av dei ordinære, private barnehagane (35 % av utvalet) og 24 av familiebarnehagane (16 % av utvalet) har gått med underskot og tærar dimed på eigenkapitalen i 2010.

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn og mandat

Kunnskapsdepartementet har gjeve Telemarksforsking i oppdrag å analysere kostnader i barnehagane i landet. Dette er eit oppdrag som tidlegare har tilfalle Fürst og Høverstad, men som Telemarksforsking overtok i år. I det meste er notatet skore over same leisten som rapporten Fürst og Høverstad leverte i fjor, med avvik berre der me ser grunn til det. Me er dei takk skuldige for utarbeidinga av malen.

Analysen tek utgangspunkt i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i det same representative utvalet på 50 kommunar/bydelar som tidlegare.

Utvalet til kostnadsanalysane er konstruert etter dei same kriteria som er omtala i Fürst og Høverstad (2010). Det vil seia at me har brukt dei same kommunane og gjort dei same tilpassingane rundt bydelar i Oslo og Bergen. For dei ikkje-kommunale barnehagane har me gjort litt andre vurderingar, men i hovudsak tilpassa utvalet på same måten. Me har halde på utrekningsmetoden for korrigererte opphaldstimar, der born i alderen 0–2 år er vekta med 2, og 3-åringane er vekta med 1,5. Kostnadene er også i hovudsak forsøkt definert på same måten som hjå Fürst og Høverstad.

1.2 Framgangsmåte

1.2.1 Data

Kostnadsanalysane kviler på fylgjande data, levert av Statistisk sentralbyrå:

Kommunale barnehagar

- Årsmeldingar for 2009 og 2010 med informasjon om mellom anna opphaldstimar, born som treng særskild tilrettelegging og talet på årsverk av ulike typar.
- Rekneskapstal for 2010 frå KOSTRA.

Ikkje-kommunale barnehagar

- Årsmeldingar for 2009 og 2010 med informasjon om mellom anna opphaldstimar, born som treng særskild tilrettelegging og talet på årsverk av ulike typar.
- Rekneskapsskjema for 2010 med inntekter, kostnader og disponering av årsresultat, samt informasjon om ikkje-økonomisk stønad frå eigar, kommunen eller andre.

Det viktigaste målet på kostnader i dei ulike barnehagetypane er *kroner per korrigerede opphaldstime*. Opphaldstimane er rekna ut ved at talet på born i dei ulike opphaldstidskategoriane vert vekta med timetalet. Opphaldstimane vert dinest vekta etter alderen på barnet. Vektene er som vist i tabellen nedanfor. Talet ein kjem fram til vert multiplisert med 48 veker, som er den gjennomsnittlege opningstida me tek utgangspunkt i.

Opphaldstidskategori	Vekting av born i kategori
0–8 timar per veke	6 timar
9–16 timar per veke	13 timar
17–24 timar per veke	21 timar
25–32 timar per veke	29 timar
33–40 timar per veke	45 timar

Alderskategori	Vekting av born i kategori
0–2 år	faktor på 2
3 år	faktor på 1,5
4–6 år	faktor på 1

Aldersvektinga tek utgangspunkt i reglane for pedagogtettleik og reflekterer ikkje nødvendigvis kor store ekstrakostnadene er med små born. Me går ikkje inn i ei drøfting av desse vektene i dette notatet, men fylgjer det som har vore vanleg rek-nemåte.¹

Ettersom talet på opphaldstimar endrar seg over tid, kan talet frå *ei* årsmelding gje eit dårleg bilete av aktiviteten gjennom året, av di årsmeldingane gjev eit stillbilete per 15. desember i året. Me har difor erstatta opphaldstida med eit vekta gjennomsnitt av to årsmeldingar. Me vektar timane per 15.12.2009 med 7/12 og timane per 15.12.2010 med 5/12. Den same framgangsmåten nyttar me for dei andre variablane frå årsmeldingane.

1.2.2 Litt om utvalet

Som tidlegare rapportar tek me utgangspunkt i eit utval på 46 kommunar og dessutan Arna bydel i Bergen, samt Stovner, Grünerløkka og Nordstrand i Oslo. For kommunale barnehagar er dei tre Oslobydelane vekta slik at dei har same vekt i utvalet som dei hadde i 2003. For Arna tek me utgangspunkt i Bergen kommune og vektar denne til å ha same vekt i utvalet som bydelen Arna hadde i 2003. Alle andre kommunar har ei vekt som endrar seg i takt med talet på korrigerede opphaldstimar.

¹ Håkonsen og Lunder (2008) drøftar meir riktige vektorer.

Når det kjem til dei ikkje-kommunale barnehagane, har me plukka ut barnehagane som låg i Arna bydel i 2003, og fjerna resten av Bergen frå utvalet. Oslobydelane er uvekta for ikkje-kommunale barnehagar.

Vidare detaljar om utvala av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar står i kapittel 2 og kapittel 3.

2. Kostnader i kommunale barnehagar

2.1 Framgangsmåte

Utrekningane av kostnader for kommunale barnehagar tek utgangspunkt i tala frå tre funksjonar i rapporteringa (KOSTRA). Funksjonane 201 (barnehage) og 221 (barnehagelokale og skyss) utgjer til saman kostnader til *ordinær drift*, medan funksjonen 211 utgjer *særskild tilrettelegging*.

For å få tal som kan samanliknast på tvers av barnehagar og kommunar må me gjera nokre korrigeringar:

- Ressursar som vert belasta dei kommunale rekneskapane, men som vert nytta på born i ikkje-kommunale barnehagar, må trekkjast frå kostnadene for kommunale barnehagar. Desse kostnadene skal i staden leggjast til kostnadene i dei ikkje-kommunale barnehagane. Døme på slike utgifter er kommunalt tilsette støttepedagogar. Informasjonen om slik ikkje-økonomisk støtte til ikkje-kommunale barnehagar er det kommunen som fyller inn i rekneskapsskjema frå ikkje-kommunale barnehagar.
- I dei tre funksjonane ligg også kostnader til *opne barnehagar*. Kostnadsanalysen vår skal ikkje omfatta desse, så slike kostnader må trekkjast frå som best det let seg gjera. Me trekkjer frå ein estimert gjennomsnittssats gonga med talet på plassar i opne barnehagar i kommunen. Estimaten me nyttar er henta frå TF-notat 15/2011 og er på 12 493 kr for plassar som er opne mellom 6 og 15 timar i veka. Satsen er på 20 733 kr for plassar som er opne meir enn 16 timar i veka. Først og Høverstad nytta i fjor ein sats på 7 900 kroner. I analysen for 2007 nytta dei ein sats på 14 000 per barn, som altså er meir i tråd med våre estimat. Kostnader til opne barnehagar er i alle tilfelle så små at dei i liten grad påverkar estimaten for kostnader per opphaldstime.
- Rekneskapsskjema frå ikkje-kommunale barnehagar inkluderer i prinsippet alle kostnader knytt til drift av barnehagen, inkludert indirekte kostnader. Dette er ikkje tilfelle for kommunerekneskapane. For å få fram fullstendige kostnader for kommunale barnehagar må me difor leggja til ein viss del av kommunale administrasjonskostnader. Tanken er at desse kostnadene går til rekneskapsføring, revisjon, personalansvar, felles støttesystem, velferdsordningar m. m. Me estimerer dei indirekte kostnadene grovt, på same måte som tidlegare: Me ser kor stor andel lønskostnadene i barnehagane utgjer av alle kommunale lønskostnader. Dei indirekte kostnadene er så rekna til å vera ein like stor del av administrasjonskostnadene i kommunen.

Me har med eitt unntak brukt dei same rekneskapsdefinisjonane som Fürst og Høverstad. Endringa er at me tek med funksjon 121 Forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga i utrekninga av indirekte kostnader. Det vil seia at funksjon 121 inngår på same måte som funksjonane 120 og 130. Funksjon 121 vart innført i Kostra for 2008-rekneskapen. Utgifter som tidlegare hadde vore ført på funksjon 120 og på tenestefunksjonane vart då overførde til funksjon 121. Endringa utgjer i gjennomsnitt eit påslag på 0,18 kr per opphaldstime.

Fürst og Høverstad skriv at måten å rekna ut indirekte kostnader på heilt klårt overvurderer kostnadene, ettersom kostnader til strategisk leing og planlegging, og dessutan arbeid rundt dei politiske organa, er med i grunnlaget for dei indirekte kostnadene. Dei framhevar på den andre sida at rentekostnader knytt til lånefinansiering av kommunale barnehagar ikkje er medrekna. Dei refererer Econ/Fürst og Høverstad (2008) som finn at kapitalkostnadene nok er større enn feilen i dei indirekte kostnadene. Håkonsen og Lunder (2008) meiner påslaget for indirekte kostnader gjev skeive utslag, ved at smådriftsulempen i kommuneforvaltninga vert overført til større indirekte kostnader for kommunale barnehagar i små kommunar. Fürst og Høverstad landar trass dette på å vidareføra tidlegare utrekningsmåte for rapporten for 2009.

Lunder og Aastvedt (2010) greier ut administrasjonspåslaget og kjem fram til eit nivå på 4 prosent av driftskostnader. Me manglar likevel eit fullgodt overslag over rentekostnader. Manglane ved framgangsmåten til Fürst og Høverstad er dessutan mindre viktig når me studerer det store biletet enn om me var interesserte i ein-skildkommunar. Eit sjølvstendig moment er også kontinuiteten i rapportserien. Alt i alt har me vald å nytta same utrekningsmåte som Fürst og Høverstad.

2.2 Samla kostnader og kostnader per opphaldstime

2.2.1 Kostnader i 2010

Tabell 1 viser dei direkte kostnadene knytt til drift av kommunale barnehagar i dei 50 utvalskommunane/-bydelane. Mellom dei femti er Bergen kommune og tre bydelar i Oslo: Grünerløkka, Stovner og Nordstrand.

Tabell 1: Direkte kostnader til drift av kommunale barnehagar i 2010 (i 1000 kroner).

	Ordinær drift (funksjonane 201 og 221)	Særskild til- rettelegging (funksjon 211)	Sum kostnader
Korrigerte brutto driftsutgifter i fylgje kommunerekneskap	3 715 816	439 279	4 155 095
- Ikkje-økonomisk stønad til ikkje-kommunale barnehagar	-7 584	-8 789	-16 372
- Overslag for kostnader i opne barnehagar	-10 729	0	-10 729
Sum direkte kostnader ved drift av kommunale barnehagar	3 697 503	430 490	4 127 993

Neste steg er å leggja til indirekte kostnader i barnehagane. Tala til utrekninga er rapporterte i Tabell 2.

Tabell 2: Utrekning av indirekte kostnader, sum direkte og indirekte kostnader til drift av kommunale barnehagar i utvalskommunane i 2010 (i 1000 kr).

	Ordinær drift	Særskild tilrettelegging	Sum
Brutto lønskostnader i barnehagane	3 158 907	417 178	3 576 085
Brutto lønskostnader i heile kommunen	33 340 936	33 340 936	33 340 936
Andel, barnehage, %	9,5 %	1,3 %	10,7 %
Netto driftsutg. funksjonar 120, 121, 130	2 776 560	2 776 560	2 776 560
Påslag for indirekte kostnader	263 067	34 742	297 809
Direkte driftskostnader, jf. Tabell 1	3 697 503	430 490	4 127 993
Sum direkte og indirekte kostnader	3 960 570	465 232	4 425 802
Indirekte kostnader som andel av sum kostnader, %	6,6 %	7,5 %	6,7 %


Ved å fordela totale kostnader på totale opphaldstimar kan me finna kostnader per korrigert opphaldstime. Opphaldstimane me opererer med, er eit vekta gjennomsnitt av årsmeldingane frå 2009 og 2010, der 2009-verdiane har 7/12 vekt og 2010-verdiane har 5/12 vekt.

Grensene mellom bydelane i Oslo vart endra i 2004. I Bergen var bydelsordninga avvikla same året. Frå Tabell 3 og utover er dei tre Oslo-bydelane vekta til å ha same vekt i utvalet som dei hadde i 2003. For Arna tek me utgangspunkt i Bergen kommune, og vektar denne til å ha same vekt i utvalet som bydelen Arna hadde i 2003. Alle andre kommunar er vekta etter talet på opphaldstimar. Andre kommunar har altså, i motsetnad til Arna og Oslo-bydelane, ei vekt som endrar seg over tid.

Tabell 3: Gjennomsnittlige kostnader per korrigert oppholdstime i barnehagane i utvalgte kommunane i 2010.


	Ordinær drift	Særskild tilrettelegging	Sum
Sum kostnader (i 1000 kr)	3 002 226	316 446	3 318 672
Korrigerede oppholdstimer	64 552 869	-	64 552 869
Kostnader per korr. oppholdstime	46,51	4,90	51,41

Kostnadene er ulike mellom ulike kommunar. I Figur 1 ser me barnehagane sortert etter kostnader til ordinær drift per korrigerte oppholdstime. Figur 2 viser kostnader til særskild tilrettelegging. I kvar figur er kommunane rangert frå lågaste til høgaste kostnader.



Figur 1: Kostnader knytt til ordinær drift per korrigerte oppholdstime i kommunale barnehagar i 2010.


Me ser at dei ordinære kostnadene varierer frå 37,8 til 66,0 kroner. Snittet av kommunane ligg på 49,1. I tabell 3 var snittet av alle timar 46,5. Det talet tilsvarar eit vekta gjennomsnitt der kvar kommune er vekta med talet på korrigerede oppholdstimer. Når det uvekta snittet er større enn det vekta, tyder det at små kommunar jamnt over har noko høgare kostnader enn store. Standardavviket er på 6,2 kroner, noko som er litt høgare enn dei 5,6 Først og Høverstad fann for 2009.



Figur 2: Kostnader knytt til særskild tilrettelegging per korrigerede oppholdstimer i kommunale barnehagar i 2010.

Kostnader knytt til særskild tilrettelegging har ei fordeling som vist i Figur 2. Variasjonen går frå 0 til 21,8 kroner per korrigerede oppholdstimer.

Når me legg saman kostnader til ordinær drift og særskild tilrettelegging, får me den fordelinga me ser i Figur 3.




Figur 3: Kostnader per korrigerede oppholdstimer, kommunale barnehagar i 2010.

Me ser at fordelinga i hovudsak er ganske lik anten ein reknar med kostnader til særskild tilrettelegging eller ikkje. Variasjonen strekkjer seg no frå 39,0 til 77,4 med eit uvekta snitt på 53,5. Det vekta snittet frå tabell 3 var 51,4. Standardavviket for den samla fordelinga er på 6,9 som er ein del høgare enn dei 6,2 Først og Høverstad fann for 2009.

Først og Høverstad skriv, gjeldande for 2009, at det i fleire kommunar truleg er ei feilaktig fordeling av kostnader mellom ordinære kostnader og kostnader knytt til særskild tilrettelegging. Figur 4 tyder på at dette kan vera tilfelle også i 2010:

Kommunar med høge ordinære kostnader har stort sett låge kostnader knytt til særskild tilrettelegging.



Figur 4: Ordinære kostnader per opphaldstime (venstre akse) samanstillt med tilhøyrande kostnader til særskild tilrettelegging (høgre akse), kommunale barnehagar i 2010.

I Figur 4 ser me igjen ordinære kostnader, sortert som i Figur 1. Dei raude firkan- tane er kostnader til særskild tilrettelegging. Det er dei same kostnadene som i Figur 2, men i staden for å vera sortert stigande er dei no tilordna dei ordinære kostnadene. Dei samla kostnadene i ein kommune er altså lik summen av den rau- de prikken og den blå prikken han står vertikalt over eller under. Ver merksam på at kostnadene er målte etter ulik skala.

Me ser at kommunar som fører store kostnader på ordinær drift, er overpresen- terte mellom dei som har sær låge kostnader til særskild tilrettelegging.

2.2.2 Kostnadsutviklinga 2004–2010

Tabell 4 viser utviklinga i kostnader i perioden 2004–2010. Tala frå 2004 til 2009 er henta frå Fürst og Høverstad (2010).

Tabell 4: Samanstilling av nominelle kostnader i kommunale barnehagar frå 2004 til 2010.

	Ordinær drift	Særskild tilrettelegging	Sum
Kostnader per korr. opphaldstime i 2004	36,21	4,46	40,67
Kostnader per korr. opphaldstime i 2005	36,56	4,30	40,86
Kostnader per korr. opphaldstime i 2006	38,73	4,16	42,89
Kostnader per korr. opphaldstime i 2007	40,52	4,33	44,85
Kostnader per korr. opphaldstime i 2008	44,51	4,32	48,83
Kostnader per korr. opphaldstime i 2009	45,47	4,37	49,84
Kostnader per korr. opphaldstime i 2010	46,51	4,90	51,41
Nominell auke 2004-2005	1,0 %	-3,6 %	0,5 %
Nominell auke 2005-2006	5,9 %	-3,3 %	5,0 %
Nominell auke 2006-2007	4,6 %	4,1 %	4,6 %
Nominell auke 2007-2008	9,9 %	-0,3 %	8,9 %
Nominell auke 2008-2009	2,2 %	1,2 %	2,1 %
Nominell auke 2009-2010	2,3 %	12,1 %	3,2 %
Nominell auke 2004-2010	28,4 %	9,9 %	26,4 %

Veksten i kostnader til ordinær drift er låg, medan kostnader til særskild tilrettelegging gjer eit lite sprang på 12 prosent frå 2009 til 2010.

Den generelle prisveksten for kommunane, målt ved kommunal kostnadsdeflator, var på 3,4 prosent frå 2009 til 2010. Kostnadsveksten for barnehagedrift frå 2009 til 2010 var altså, til liks med året før, noko *lågare* enn generell prisvekst for kommunen. Om me ser på perioden 2004–2010 under eitt, er kostnadsveksten i barnehagane på 26,4 og den kommunale deflatoren på 26,7 prosent. Over tid kan det altså sjå ut til at barnehagane fylgjer den jamne kostnadsveksten tett.

3. Kostnader i ikkje-kommunale barnehagar

3.1 Kartlegging av kostnader

Utvalet er sett saman av barnehagar frå det same utvalet av kommunar som i Fürst og Høverstad (2010). Talet på barnehagar i bruttoutvalet er redusert ein del. Medan det i Kostra er registrert 677 barnehagar i dei aktuelle kommunane i 2009, er det i 2010 registrert 653. Av desse er det 37 barnehagar som det ikkje er registrert rekneskap for, mellom anna samtlege statlege/fylkeskommunale barnehagar. Tabell 5 viser kor mange barnehagar som inngår i bruttoutvalet og kor mange som har falle ut på grunn av tilpasningar og manglande data.

Tabell 5: Fastsetting av utval for analysar av ikkje-kommunale barnehagar

Utvalskriterium	Fråfall pga kriterium	Tal på barnehagar	Ordinære	Familiebarnehagar
Totalt antall ikkje-kommunale ifølgje Kostra		653		
Totalt antall ikkje-kommunale i årsmelding 2010	0	653		
Totalt antall ikkje-kommunale i rekneskap 2010	-37	616		
Totalt antall ikkje-kommunale i årsmelding og rekneskap 2010	0	616		
Utan opne / kombinert open-ordinær	-8	608		
Utan kombinert familie-ordinær	-4	604	425	179
Utan barnehagar etablert i 2010	-11	593	415	178
Utan barnehagar som av andre grunnar ikkje er oppført med årsmelding i 2009	-22	571	405	166
Utan barnehagar med meir enn 50 % differanse i opphaldstimar 09/10	-24	547	390	157
Utan barnehagar med mindre enn 200.000 kroner i personalkostnader pr årsverk	-7	540	390	150
Utan tre spesialbarnehagar med særleg høge kostnader	-3	537	387	150

Det endelege utvalet er altså fordelt på 387 ordinære barnehagar og 150 familiebarnehagar. Korrigererte opphaldstimar er fordelt med 52 971 720 (92,2 %) i ordinære barnehagar og 4 480 968 (7,8 %) i familiebarnehagar. Delen av timetalet i familiebarnehagar er fallande. I 2007 var talet 11,3 %, i 2008 9,8 %, i 2009 9,2 % og no har andelen altså falle heilt ned til 7,8 %.

Definisjonen av kostnader tilsvarar med få unntak definisjonane til Først og Høverstad (2010). Me har inkludert posten «*Annet*» i definisjonen av utbyte.² Det går ikkje fram av Først og Høverstad (2010) korleis dei har definert *utbyte*. I tillegg har me ikkje redusert eventuelt registrert utbyte for dei barnehagane som samtidig har redusert sin eigenkapital, men dette gjeld berre eit fåtal barnehagar.

3.2 Samla kostnader og kostnader per opphaldstime i ikkje-kommunale barnehagar

3.2.1 Samansetninga av kostnadene

Tabell 6 viser sammensetninga av kostnader i ikkje-kommunale barnehagar i utvalskommunane.

² Dette feltet i skjemaet har hjå SSB fått nemninga *overført årsresultat*. Det er ingen tvil om at det ligg ein del utbyte i denne posten.

Tabell 6: Kostnader til drift av ikkje-kommunale barnehagar i 2010.

	Ordinære ikkje-kommunale barnehagar	Private familiebarnehagar	Sum
Personalkostnader	1 720 637	100 601	1 821 238
Avskrivningar/husleige	131 559	13 760	145 319
Andre driftskostnader	343 265	26 537	369 802
Sum næringskostnader	2 195 461	140 898	2 336 359
Netto kapitalkostnader	29 299	419	29 717
Utbyte	18 354	28 775	47 129
Støtte frå eigaren	1 525	474	1 999
Støtte frå andre	500	135	635
Støtte frå kommunen	13 814	934	14 748
Sum kostnader	2 258 953	171 634	2 430 587
- Kostnader til integrering av funksjonshemma og andre born med særlege behov	-24 981	-565	-25 547
Sum kostnader basisdrift	2 233 971	171 069	2 405 040
Personalkostnader	76,2 %	58,6 %	74,9 %
Avskrivningar/husleige	5,8 %	8,0 %	6,0 %
Andre driftskostnader	15,2 %	15,5 %	15,2 %
Sum næringskostnader	97,2 %	82,1 %	96,1 %
Netto kapitalkostnader	1,3 %	0,2 %	1,2 %
Utbyte	0,8 %	16,8 %	1,9 %
Støtte frå eigaren	0,1 %	0,3 %	0,1 %
Støtte frå andre	0,02 %	0,1 %	0,03 %
Støtte frå kommunen	0,6 %	0,5 %	0,6 %
Sum kostnader	100,0 %	100,0 %	100,0 %
- Kostnader til integrering av funksjonshemma og andre born med særlege behov	-1,1 %	-0,3 %	-1,1 %
Sum kostnader basisdrift	98,9 %	99,7 %	98,9 %

Me ser at ein større del av kostnadene er personalkostnader i ordinære barnehagar enn i familiebarnehagar. På den andre sida er det særst høgt «utbyte» i familiebarnehagane, og i realiteten kan dette òg reknast som personalkostnader: Ein stor del av familiebarnehagane er eineigarføretak, der eigaren sjølv arbeider i barnehagen. Her vil godtgjering for eigars arbeid normalt takast ut som utbyte.³ Om me summerer personalkostnader og utbyte er ikkje skilnaden stor mellom barnehagetypane. Dei viktigaste skilnadene som står att då er at andelen avskrivningar og husleige

³ Også nokre ordinære barnehagar er eineigarføretak. Her har meg òg lagt utbyte til personalkostnadene.

er høgare i familiebarnehagane, og at born som treng særleg tilrettelegging i liten grad ser ut til å vera i familiebarnehagar.

Netto kapitalkostnader utgjer 1,3 prosent av totalkostnadene. Positive netto kapitalkostnader tyder at renteutgiftene og andre finanskostnader er høgare enn renteinntekter og anna avkastning på finanskapital. For barnehagar er det i all hovudsak snakk om renteutgifter på lån og renteinntekter på bankinnskott, og det verkar rimeleg at barnehagane i gjennomsnitt har høgare renteutgifter enn renteinntekter.

I kostnadsanalysane for perioden 2007 til 2009 er det rapportert negative netto kapitalkostnader, medan tidlegare undersøkingar viser positive kapitalkostnader, slik me òg finn. Det verkar usannsynleg at dette kan variere så mykje frå eitt år til det neste. Det kan difor sjå ut til at kostnadsanalysen for 2009 er feil på dette punktet, og at kostnadsauken i ordinære, private barnehagar fra 2009 til 2010 er kraftig overvurdert.

3.2.2 Kostnader per korrigerede opphaldstimer i dei ikkje-kommunale barnehagane


Tabell 7 viser oss korleis kostnadene per opphaldstimer ser ut når me studerer dei ikkje-kommunale barnehagane i utvalet under eitt. Me ser at både dei ordinære barnehagane og familiebarnehagane, som tidlegare år, har lågare kostnader enn dei kommunale barnehagane (Tabell 3).

Tabell 7: Kostnader, opphaldstimer og kostnader per opphaldstimer i ikkje-kommunale barnehagar.

	Ordinære, priv. bhg.	Priv. fami- liebhg.
Sum kostnader (1000 kr)	2 258 953	171 634
Kostnader, særskild tilrettelegging (1000 kr)	24 981	565
Korrigerede opphaldstimer	52 323 912	4 463 958
Kostnader per korrigerede opphaldstimer, ordinær drift	42,70	38,32
Kostnader per korrigerede opphaldstimer, særskild tilrettelegging	0,48	0,13
Sum kostnader per korrigerede opphaldstimer	43,17	38,45

Me vil no sjå korleis kostnadene fordeler seg på dei ein-skilde barnehagane. Figur 5 og Figur 6 viser kostnadene i ordinære, ikkje-kommunale barnehagar, medan Figur 7 viser kostnadene i familiebarnehagane.

Figur 5 viser kostnadene i ordinære, ikkje-kommunale barnehagar (inkludert kostnader knytt til særskild tilrettelegging) slik dei fordeler seg mellom barnehagane. Me ser at spriket er stort mellom dei billegaste og dei dyraste – kanskje større enn me kan tru er reelt. Kvartilbreidda er likevel ikkje så stor: den midterste halvdel av observasjonane fordeler seg mellom 40,18 og 45,89 kroner. Kvartilbreidda er altså 5,71 kroner.




Figur 5: Kostnader per korrigerede oppholdstime i ordinære, private barnehagar i 2010.

I Figur 6 har me delt opp kostnadene i kostnader til ordinær drift og kostnader til særskild tilrettelegging. Denne gongen har me sortert barnehagane etter stigande kostnader til ordinær drift, medan kostnader til særskild tilrettelegging er markert med ein raud markør loddrett over eller under barnehagen han høyrer til. På aksene til venstre les me av kostnader per korrigerede oppholdstime til ordinær drift, og til høgre til særskild tilrettelegging.

Alle barnehagane brukar i snitt 0,48 kroner per oppholdstime til særskild tilrettelegging, men dette er ujamnt fordelt. Det er berre 82 barnehagar som har rapportert slike kostnader. Dette er overraskande lågt, ettersom 253 av dei 387 har rapportert at dei har *minoritetsspråklege born som får særskild tilbod om språkstimulering i barnehage* og/eller *born med nedsett funksjonsevne som får ekstra ressursar*. Ei forklaring kan vera at mange får ekstra personalressursar frå kommunen og ikkje dekkjer kostnaden av desse sjølve.


Dei som *har* rapportert slike kostnader har kostnader på i snitt 2,22 kroner per oppholdstime.⁴

⁴ Dette er eit reint gjennomsnitt av tala for kvar barnehage. Det er ikkje vekta med timetal.



Figur 6: Ordinaire kostnader (venstre akse) samanstilt med tilhørende kostnader til særskild tilrettelegging (høgre akse), ordinære, private barnehagar i 2010.

Figur 7 viser samla kostnader per korrigerede oppholdstimer i private familiebarnehagar. Av dei 150 familiebarnehagane i utvalet er det berre fem som rapporterer har kostnader knytt til særskild tilrettelegging. I snitt utgjør dette berre 0,13 kroner per oppholdstimer, men for dei barnehagane som har slike kostnader ligg dei på 3,80 kroner per oppholdstimer.



Figur 7: Kostnader per korrigerede oppholdstimer i private familiebarnehagar i 2010.

Vidare analyse av kostnadene vil me ta i kapittel 4, der me samanstill kommunale og ikkje-kommunale barnehagar og prøver å forklara ulike kostnadsnivå ved å studera samansettinga av dei ulike variablane i materialet.

3.2.3 Kostnadsutviklinga 2004–2010

Tabell 8 viser utviklinga i kostnader i perioden 2004–2010. Tala frå 2004 til 2009 er henta frå rapportane til Først og Høverstad.

Tabell 8: Samanstilling av nominelle kostnader i kommunale barnehagar frå 2004 til 2010 – kroner per korrigerede opphaldstime og relativ endring.

	Private ordinære bhg.			Private familiebarnehagar		
	Ordinær drift	Særskild tilrettelegging	Sum	Ordinær drift	Særskild tilrettelegging	Sum
Kostnadsanalyse 2004	30,47	0,57	31,04	26,61	0,13	26,73
Kostnadsanalyse 2005	31,68	0,62	32,30	28,55	0,13	28,67
Kostnadsanalyse 2006	32,99	0,63	33,61	30,65	0,03	30,68
Kostnadsanalyse 2007	35,34	0,53	35,87	31,90	0,01	31,92
Kostnadsanalyse 2008	37,78	0,40	38,17	35,58	0,06	35,64
Kostnadsanalyse 2009	40,81	0,37	41,18	37,01	0,02	37,03
Kostnadsanalyse 2010	42,70	0,48	43,17	38,32	0,13	38,45
Nominell auke 2004–2005	3,97 %	8,8 %	4,06 %	7,29 %	0,0 %	7,26 %
Nominell auke 2005–2006	4,14 %	1,6 %	4,06 %	7,36 %	-76,9 %	7,01 %
Nominell auke 2006–2007	7,12 %	-15,9 %	6,72 %	4,08 %	-66,7 %	4,04 %
Nominell auke 2007–2008	6,90 %	-24,5 %	6,41 %	11,54 %	500 %	11,65 %
Nominell auke 2008–2009	8,02 %	-7,5 %	7,89 %	4,02 %	-66,7 %	3,90 %
Nominell auke 2009–2010	4,63 %	29,7 %	4,83 %	3,54 %	550 %	3,83 %
Nominell auke 2004–2010	40,14 %	-15,8 %	39,08 %	44,01 %	0,0 %	43,85 %

4. Samanstilling og analyse


4.1 Samanstilling av kostnadene mellom barnehagetypane

Tabell 9: Kostnader etter type barnehage i 2010 – kroner per korrigerede oppholdstime og omrekna til kostnader per heildagsplass.

	Kommunale bhg.	Ordinære, private bhg.	Private familiebhg.
Kostnader per korrigerede oppholdstime, ordinær drift	46,51	42,70	38,32
Kostnader per korrigerede oppholdstime, særskild tilrettelegging	4,90	0,48	0,13
Sum kostnader per korrigerede oppholdstime	51,41	43,17	38,45
Omrekna til kostnader ekskl. særskild tilrettelegging per heildagsplass			
For born 0-2 år	200 915	184 443	165 552
For born 3-6 år	100 457	92 221	82 776


Tabell 9 samlar kostnader per korrigerede oppholdstime for ordinær drift, tillegg for særskild tilrettelegging og summen av desse, for alle dei tre barnehagetypane. Som tidlegare år ligg kostnadene høgst i dei kommunale barnehagane og lågast i familiebarnehagane. Me ser dessutan at det meste av midlar til særskild tilrettelegging går til kommunale barnehagar.

Me har rekna ut kostnader for ein heildagsplass i eitt år under eit vilkår om at små born kostar dobbelt so mykje som store born.



Figur 8: Utvikling i kostnader til ordinær drift, 2002–2010. Alle tal for åra 2002–2009 er henta frå rapportar frå Først og Høverstad.

Figur 8 viser utviklinga i kostnader per korrigerede opphaldstimer for dei tre barnehagetypane. Me ser at avstanden mellom dei har krympa litt, men ikkje endra seg altfor mykje. Den relative avstanden var likevel langt større i 2002, då kostnadsnivået var lågare. Den gongen kosta ein plass i kommunal barnehage 47 prosent meir enn i privat familiebarnehage. I 2010 kostar han berre 21 prosent meir. Endringa i den relative skilnaden kjem betre fram av Figur 9.



Figur 9: Utvikling i kostnader til ordinær drift for ikkje-kommunale barnehagar relativt til kommunale barnehagar (=100 %), 2001–2010. Alle tal for åra 2001–2009 er henta frå rapportar frå Først og Høverstad.

Figur 9 viser kostnader til ordinær drift per opphaldstimer i private barnehagar som prosent av kostnader i kommunale barnehagar. Som me ser, har kommunale barnehagar hatt eit kostnadsnivå godt over det i private barnehagar, men denne skilnaden har minka. Relativt til kommunale barnehagar har familiebarnehagane hatt ein jamt, høg kostnadsvekst. Dei ordinære, private har hatt ein svakare og mindre jamn vekst, men kostnadene steig kraftig frå 2008 til 2010, relativt til kommunale. Dette siste skuldast eigentleg at kostnadene i kommunale barnehagar brått flata ut, medan kostnadene i private, ordinære steig vidare.

Den sterke veksten i kostnadene i familiebarnehagane kan kanskje forklarast med at eigarane har vorte flinkare til å rapportera rett. Desse barnehagane har elles fått betre økonomiske vilkår dei siste åra, og auka inntekter fører rimelegvis med seg auka kostnader.

Den største veksten frå 2009 til 2010 var i private, ordinære barnehagar, både prosentvis (4,6 %) og i kroner pr opphaldstimer. Kostnadene til ordinær drift i familiebarnehagane har auka med 3,5 %, medan dei i kommunale barnehagar kun har auka med 2,3 %, jamfør Tabell 4 og Tabell 8.

Tala som figurane byggjer på er rapporterte i Tabell 4 og Tabell 8 (berre åra 2004–2010).

Noko av endringa for ordinære, private barnehagar skuldast ein forunderleg variasjon i kapitalkostnadene. Først og Høverstad rapporterer netto kapitalkostnader som er positive i åra 2003–2006, så godt som null i 2007 og negative i 2008–2009. For 2010 finn me at dei er positive igjen. Det er for oss overraskande at desse tala kan vera negative, og me mistenkjer feil i rapportering eller utrekning. Me har difor rekna ut kostnadene i private barnehagar *utan* kapitalkostnader for å få ei samanlikning over tid som ikkje er prega av denne uvissa.

Når ein tek vekk kapitalkostnadene, er kostnadsveksten i private, ordinære barnehagar på berre 1,8 prosent frå 2009 til 2010. Dette er lågare enn for dei kommunale. For familiebarnehagane endrar tala seg lite, av di kapitalkostnadene er forsvinnande små. For dei kommunale har me diverre ikkje høve til å kontrollera dette. For det fyrste er kapitalkostnadene for kommunale barnehagar ikkje godt nok fordelte frå kommunane si side, og dimed ikkje rapporterte. For det andre har ikkje Først og Høverstad i sine rapportar rapportert det som Kostra faktisk inneheld av slike kostnader.

4.2 Kva kan forklara kostnadsvariasjonen?

4.2.1 Variasjon mellom barnehagetypar

Tabell 10 viser variasjonen i kostnadssamansetninga og variasjonen i visse kostnadskrevjande variablar. I estimata for kostnader per opphaldstime (som er henta frå tidlegare) er Bergen og Oslobydelane vekta ned. For dei andre tala har også desse barnehagane full vekt. Dette er i tråd med tidlegare praksis frå Først og Høverstad, og me har gjort det same for at tala skal kunna samanliknast over tid.

Tabell 10: Faktorar som kan forklara kostnadsvariasjonar mellom barnehagane i 2010.

	Kom. bhg	Ord. priv. bhg	Priv. fam.bhg
Sum kostnader per korrigert opphaldstime 2010 (ordinær drift og særskild tilrettelegging)	51,41	43,17	38,45
Kostnader ordinær drift per korrigerede opphaldstime 2010	46,51	42,70	38,32
Personalinnsats:			
Antal korrigerede opphaldstimer per årsverk	11 400	12 337	12 553
Kostnadsforhold:			
Personalkostnader per årsverk	480 178	407 482	360 254
– av dette pensjonskost. per årsverk	58 679*	16 153*	3 696*
Personalkostnader – del av sum kostnader	80,8 %	76,5 %	74,6 %
Avskrivningar og husleige – del av sum kostnader	2,1 %	5,8 %	8,0 %
Samansetning av tilbud og barnegruppe:			
Andel funksjonshemma born	6,7 %	4,1 %	1,3 %
Andel minoritetsspråklege born	14,2 %	5,1 %	2,1 %
Andel born som har tilbud om særskild språkstimulering	4,7 %	1,3 %	0,1 %
Andel born i familiebarnehagar	0,4 %	0 %	100 %
Andel born 0–2 år	33,8 %	35,4 %	75,6 %
Andel opphaldstimer, born 0–2 år	33,6 %	35,1 %	76,1 %
Andel born med opphaldstid under 33 t/veke	7,0 %	7,9 %	12,6 %
Barnehagestorleik:			
Gjennomsnittleg tal på korrigerede opphaldstimer per barnehage 15.12.2010	145 677	135 204	29 760

*Pensjonskostnadene er særskilte usikre. Sjå note 5.

Me ser av tabellen at kommunale barnehagar har færre opphaldstimer per årsverk og dimed altså betre bemanning. Dette heng saman med at kommunale barnehagar har ein særleg stor del av ungane som treng ekstra tilrettelegging: minoritetsspråklege, funksjonshemma og ungar som får særskild språkstimulering.

Me ser også at personalkostnadene er vesentleg høgare i kommunale barnehagar enn i private, ordinære. Ein stor del av skilnaden handlar om betre pensjonsavtalar i det offentlege.⁵ Me veit dessutan at årsverk i kommuneadministrasjonen, avheng-

⁵ Det er vanskeleg å gje sikre tal for skilnaden i pensjonskostnader. For private barnehagar kan det sjå ut til at ein del pensjonskostnader skjuler seg under *andre personalkostnader*. Talet i tabellen er altså eit *minimumstal*. For kommunale barnehagar er pensjonskostnadene rekna ut for alle kommunalt tilsette og dinest fordelt etter ein fordelingsnøkkel. Dette gjev ikkje nøyaktige tal.

ig av organisering, kan verta førde på funksjon 201 (barnehagar), utan at desse årsverka er rekna med i årsmeldingane. Personalkostnadene gjeld i desse tilfella for litt fleire årsverk enn årsverka me fordeler dei på i tabellen over.


Ei mogleg forklaring på eventuell resterande skilnad i personalkostnadene kan vera ulikskapar i kvalifikasjonar. Det er ikkje noko som tyder på at kommunale barnehagar har større tettleik av førskulelærarar enn ordinære, private. Men dei kommunale har langt fleire faglærte barne- og ungdomsarbeidarar mellom assistentane. Ulik ansiennitet kan òg vera ei mogleg forklaring, men dette har me ikkje informasjon som kan kasta lys over.

For barnehagar som er eineigarføretak, inkluderer personalkostnadene i tabellen også utbyte. Dette gjeld i all hovudsak familiebarnehagar. Me kommenterer personalkostnadene vidare etter Figur 10.

Talet på korrigererte opphaldstimar per årsverk har utvikla seg som fylgjer frå 2009 til 2010: for kommunale barnehagar har dei gått opp med 0,5 prosent, for private, ordinære opp med 2 prosent og for private familiebarnehagar opp med 1,3 prosent. For dei to typene private barnehagar var utviklinga negativ året før.

Posten *avskrivningar og husleige* har gått noko ned for alle barnehagetypane. Størst er endringa for kommunale barnehagar, der nedgangen er frå 3,4 til 2,1 prosent av samla kostnader.

Tabell 10 viser også at andelen born med opphaldstid under 33 timar i veka er redusert i alle barnehagetypane, i kommunale (7,0 mot 8,8 i 2009), ordinære (7,9 mot 8,8 i 2009) og familiebarnehagar (12,6 mot 13,4 i 2009).



Figur 10: Utviklinga i personalkostnader per årsverk. Statlege barnehagar barnehagar er eigen kategori i perioden 2004-2006. Elles ligg dei under ikkje-kommunale ("private") barnehagar. Dei er av eit lite omfang. Alle tal for åra 2003-2009 er henta frå rapportar frå Først og Høverstad.

Først og Høverstad (F&H) skriv at familiebarnehagane er dei med størst vekst i personalkostnader frå 2008 til 2009 (8,5 prosent). Frå 2009 til 2010 er veksten derimot på magre 0,62 prosent. Veksten i kommunale og private, ordinære er (etter tur) 6,76 og 5,35 prosent.

Når det gjeld fordelinga av deltids plassar har det, heilt sidan F&H byrja rapportera, vore færrast av desse i kommunale barnehagar og flest i private familiebarnehagar. Sidan har talet falle år for år i alle barnehagetypane. Dette året er ikkje noko unnatak. I kommunale barnehagar fall andelen born med opphaldstid under 33 timar i veka frå 7,5 til 7,0 prosent. I familiebarnehagane var det i 2010 12,6 prosent med opphaldstid under 33 timar i veka, mot 13,4 året før. I dei private, ordinære gjekk talet ned frå 8,8 til 7,9 prosent.

Til sist er det verd å nemna utviklinga i gjennomsnittleg storleik på barnehagane. Private familiebarnehagar har hatt eit tal på korrigerte opphaldstimar som har svinga ein del. Talet for 2010 er høgare enn for 2009, då timetalet var 28 634. Talet er likevel mindre enn i 2007 og om lag likt som i 2005. Her er altså ingen trend.

Både kommunale og ordinære, ikkje-kommunale barnehagar har hatt aukande timetal år for år frå 2004. 2010 bryt ikkje trenden: 135 204 er høgare enn dei

129 080 timane i ikkje-kommunale barnehagar i 2009. Kommunale barnehagar har gått opp frå 138 742 til 145 677 timar.


4.2.2 Variasjonar mellom barnehagar

Analysane i dette avsnittet er dei som skil seg mest frå dei tilsvarende Fürst og Høverstad har gjennomført tidlegare. Me ser gode grunnar til å gjera endringar i framgangsmåten her.

Utvalet inneheld for stor variasjon og for få observasjonar til at me får robuste resultat dersom me gjer detaljerte analysar av kvar type barnehage. Me har difor vald å analysera kommunale og private, ordinære barnehagar i same modellen (samla omtala som *ordinære*), og me har vald å berre ta med ein einaste modell for familiebarnehagane.

Til liks med Håkonsen og Lunder (2008) (H&L) deler me tala for kommunane på talet på barnehagar i kommunen, for på denne måten å finna ein ”representativ” barnehage. Dette er naudsynt for at ikkje regresjonane skal lata seg styra i hovudsak av skilnaden på kommunale og private barnehagar, ettersom heile kommunar har mange gonger så mange born som dei einskilde, private barnehagane. Til liks med H&L vektar me så opp dei offentlege barnehagane. Tala for dei kommunale barnehagane er samansette av mange barnehagar. Dei aggregerte tala er mindre prega av tilfeldig variasjon og har større relevans enn tala for ein einskild privat barnehage.

Håkonsen og Lunder opnar i ein del av modellane sine for at det er stordriftsfordelar i barnehagane. Det ser me ingen grunn til å gjera i denne samanhengen. Dels av di det er mindre relevant i vår samanheng, dels av di stordriftsfordelane H&L kjem fram til er små, som òg Figur 11 viser: Kostnadene ser ut til å vera nokolunde lineære i barnetalet.



Figur 11: Kostnader for ordinære, private og representative, kommunale barnehagar etter talet på born i barnehagen.

I alle regresjonane har den avhengige variabelen ulike mål på kostnader (inkludert kostnader til særskild tilrettelegging). I Tabell 11 er den avhengige variabelen totale kostnader for barnehagen. I Tabell 12 er både kostnadene og alle dei uavhengige variablane delt på talet på born. Me får altså ein meir direkte analyse av einingskostnadene etter at me har fjerna skaladimensjonen frå datasettet. Denne analysen er i utgangspunktet identisk med den fyrste. Koeffisientane har akkurat den same tolkinga. Skilnaden er at i den fyrste modellen vil store barnehagar påverka sterkare enn dei gjer i den andre modellen.

I Tabell 13 har me delt kostnadene på talet på korrigerte opphaldstimar i staden for born. Variablane *kommunal*, *nedsett funksjonsevne* og *born med språkstimulering* er dei same som i analysen før. Variablane for små born og deltids plassar er erstatta av variablar som er målt i opphaldstimar.

Kvar tabell har i fyrste kolonne kostnader som definert over. I andre og tredje kolonna er kostnadene delt opp i personalkostnader og i andre kostnader. Den avhengige variabelen i kolonne 1 er altså lik summen av dei avhengige i kolonnene 2 og 3. Dette gjeld dimed også for dei tilhøyrande koeffisientane.

I Tabell 11 har me heilt til høgre teke med estimat for variablar som påverkar kostnadene i private familiebarnehagar. For andre modellar gjev desse barnehagane få signifikante resultat. Kommentaraner til familiebarnehagane kjem heilt sist, før Tabell 13.

Tabell 11: Kostnader regressert på ulike forklaringsvariablar (t-verdiar i parentes)

Avhengig variabel	Ordinære barnehagar			Private familiebarnehagar
	Kostnader	Personal-kostnader	Andre kostnader	Kostnader
Born	112 029 (34,73)	85 784 (30,14)	26 246 (10,37)	98 434 (22,77)
Born × kommunal (0–1)	21 869 (16,18)	24 266 (20,34)	-2 397 (-2,26)	---
Born 0–2 år	57 029 (7,32)	32 840 (4,78)	24 190 (3,96)	65 762 (12,66)
Born med under 33 timar opphaldstid	-48 683 (-7,42)	-22 628 (3,91)	-26 055 (-5,06)	-75 258 (-9,63)
Nedsett funksjonsevne*	101 666 (3,98)	119 132 (5,28)	-17 466 (-0,87)	115 344 (1,98)
Born med språkstimulering**	-26 249 (-1,65)	1 609 (0,11)	-27 858 (-2,23)	58 517 (0,40)

*Nedsett funksjonsevne: «Sum barn prioritert ved opptak og barn med nedsatt funksjonsevne. Herav barn som får ekstra ressurser» (SSB/EBJ 18.08.2011)

**Born med språkstimulering: «Antall minoritetsspråklige barn som får særskilt tilbud om språkstimulering i barnehage, herunder tospråklig assistanse» (SSB/EBJ 18.08.2011)

Tabell 12: Kostnader per barn regressert på ulike forklaringsvariablar (t-verdiar i parentes)

Avhengig variabel	Kostnader per born	Personal-kostnader per born	Andre kostnader per born
Konstant	107 275 (33,29)	84 383 (31,08)	22 892 (11,55)
Kommunal (0–1)	22 251 (13,82)	21 748 (16,03)	503,5 (0,51)
Born 0–2 år, andel av alle	74 090 (9,30)	48 523 (7,23)	25 567 (5,22)
Born med under 33 timar opphaldstid, andel av alle	-45 802 (-6,90)	-20 027 (-3,58)	-25 775 (-6,31)
Nedsett funksjonsevne, andel av alle	83 435 (3,00)	85 431 (3,64)	-1 996 (-0,12)
Born med språkstimulering, andel av alle	-20 372 (-1,17)	3 341 (0,23)	-23 713 (-2,21)

Koeffisienten til *born* i Tabell 11 har same tolking som konstantleddet i Tabell 12: kostnaden av eitt barn eldre enn to år, utan særskilde behov, med fulltidsplass i ein privat, ordinær barnehage. Me kallar dette ein *basisplass*. Dei to modellane tilseier

at kostnaden ligg på rundt 110 000 kroner i året. Knappt 80 prosent av kostnadene er personalkostnader.

Variabelen *kommunal* (og interaksjonen *born × kommunal*) er ekstrakostnaden for basisplass i ein kommunal barnehage samanlikna med privat, ordinær. Me ser av kolonnene 2 og 3 at heile ekstrakostnaden på rundt 22 000 er personalkostnader. Kostnadene i kommunale er her estimerte til å vera 20 prosent høgare enn i private, ordinære. Dette er høgt når me samanliknar med Tabell 9, der kostnadene til ordinær drift var 9 prosent høgare. Kostnadene *inkludert* særskild tilrettelegging var 19 prosent høgare, men det håpar me jo å ha korrigert for med andre variablar her. Likevel, i denne analysen har me lagt heile skilnaden mellom privat og kommunal inn som variasjon i basisplassen. Det er difor ikkje urimeleg at estimatet med denne reknemåten er høgare enn i Tabell 9. Det kan nemnast at H&L (2008: tabell 17, side 111) kjem til at kostnadene i kommunale barnehagar er 13–14 prosent høgare enn private, ordinære i 2007.

Variabelen *born 0–2 år* har estimerte koeffisientar på 57 029 og 74 090. Dette peikar i retning av eit forholdstal mellom små og store born på i området 1,5 til 1,7. Dette er ikkje heilt ulikt resultatet hjå H&L på 1,73 når ein ser kommunale og ordinære, private saman. Estimatet i Tabell 12 er godt innanfor eit standardavvik frå 1,73, medan estimatet i Tabell 11 er signifikant ulikt.

Me kan elles merka oss at eit lite barn krev 40–60 prosent meir i personalkostnader enn eit stort, medan det krev dobbelt så mykje i *andre kostnader*. Dette tyder at medan knapt 80 prosent av kostnadene knytt til store born er personalkostnader, er talet berre 70 prosent for små born. Arealkravet for små born er 1,33 gonger kravet for store born. Men ettersom tilskotet er dobbelt, er det nok vanleg at barnehagane set av meir plass til dei minste borna utover minstekravet. Ei mogleg tolking er at private barnehagar brukar meir på dei små, av di dei *får meir* for dei små. Det har me ikkje eigentleg grunnlag for å hevda. Det som er sikkert er at barnehagar med mange små born, brukar meir pengar enn dei med færre små born. Det er likevel ikkje sikkert bruken er knytt berre til dei minste borna.

Born med under 33 timar opphaldstid slår, som rimeleg er, ut negativt i dei to tabellane over. Ein deltidsplass kostar mindre enn ein heiltidsplass per år. Det mest interessante her er at medan 80 prosent av kostnadene ved ein fulltidsplass er personalkostnader, ser det ut til at ein deltidsplass *berre* fører med seg personalkostnader og ingen *andre kostnader*. Om me legg saman summen av *born (konstant)* og *born med under 33 timar opphaldstid (andel av alle)*, får me estimerte personalkostnader på litt over 60 000 og null i andre kostnader.

Ekstrakostnaden for eit gjennomsnittsbarn som får *ekstra ressursar på grunn av nedsett funksjonsevne* kan sjå ut til å liggja på knapt 100 000 kroner. Dette vil sjølvsagt variera veldig sterkt frå eitt barn til eit anna. Her spriker estimata frå dei to modellane litt, men ettersom standardavvika på båe er på over 22 000, teiknar desse det same biletet: Ein med slike ekstra ressursar krev 80–90 prosent meir enn eit born i privat, ordinær barnehage utan slike ressursar. Heile ekstrakostnaden er personalkostnader.

Minoritetspråklege born som får tospråkleg assistanse ser ut til å føra med seg reduserte kostnader for barnehagane. Resultatet er ikkje signifikant i Tabell 12, men er signifikant på 10-prosentnivå i Tabell 11.

Liknande resultat ser me hjå både Fürst og Høverstad og hjå Håkonsen og Lunder. Ingen har fullgode forklaringar på dette, men H&L peikar på at barnehagar med mange tospråklege born av ein eller annan grunn har lågare lønsnivå enn andre. Dei finn dessutan at kostnadene til barnehagelokale er mindre i barnehagar med mange mottakarar av tospråkleg assistanse.

Særleg det siste stemmer med våre resultat. Me ser at personalkostnadene er upåverka av språkstimuleringsvariabelen (t-verdi mellom -0,45 og 0,23), medan dei resterande kostnadene er signifikant negativt påverka i alle modellane. Me merkar oss elles at variabelen korrelerer ganske sterkt med storleiken på barnehagane, noko som kan tilseia at variabelen (feilaktig) fangar opp stordriftsfordelar. Korrelasjonen er òg rimeleg sterk med fleire av dei andre uavhengige variablane.

Familiebarnehagane

Når det gjeld familiebarnehagane ser me, som venta, at kvart barn i utgangspunktet kostar litt mindre enn i dei andre barnehagane. Estimata tyder på knapt 14 000 kroner, eller 12 prosent, lågare kostnader enn i private, ordinære. Dette er ikkje altfor langt frå tala i Tabell 9, der skilnaden er på 10 prosent.

På den andre sida ser me at kostnadspåslaget for nedsett funksjonsevne er større. *Born under 2 år* ser òg ut til å føra med seg noko større ekstrakostnader enn i andre barnehagar.

Me ser at variabelen *born under 33 timar opphaldstid* gjev eit kostnadsavslag på 75 000 i familiebarnehagar mot 49 000 i andre barnehagar. Det er vanskeleg å vita kvifor me får slike resultat. Det mest sannsynlege er at *innanfor* gruppa *under 33 timar*, så har ungar i familiebarnehagar i snitt eit lågare timetal.

Kostnader per korrigerede opphaldstimer

Tabell 13: Kostnader per korrigerede opphaldstimer regressert på ulike forklaringsvariabler (t-verdier i parentes).

Avhengig variabel	Kostnader per kot.*	Personal-kostnader per kot.	Andre kostnader per kot.
Konstant	44,95 (35,83)	35,47 (32,14)	9,476 (12,56)
Kommunal (0–1)	8,212 (15,37)	7,918 (16,84)	0,295 (0,92)
Born 0–2 år, andel av korrigerede opphaldstimer	-10,97 (-2,27)	-13,42 (-3,15)	2,46 (0,84)
Opphaldstimer av born med under 33 timer opphaldstid, andel av alle opphaldstimer	11,27 (3,92)	15,88 (6,28)	-4,606 (-2,67)
Nedsett funksjonsevne, andel av alle	29,36 (3,18)	28,94 (3,56)	0,423 (0,08)
Born med språkstimulering, andel av alle	-14,24 (-2,46)	-3,77 (-0,74)	-10,47 (-3,01)

*kot.: korrigerede opphaldstimer

I Tabell 13 ser me på *kostnader per korrigerede opphaldstimer*. Mange av drøftingane over held også for denne tabellen, så me er litt meir ordknappe her.

Konstantleddet er den estimerte kostnaden av ein opphaldstimer for eitt barn eldre enn to år, utan særskilde behov, med fulltids plass i ein privat, ordinær barnehage. Kostnaden me finn er 44,95 kroner. I kapittel 3 fann me at ein korrigerede opphaldstimer i ordinær, privat barnehage kosta 43,17 kroner. Det er ikkje ein signifikant forskjell på dei to, og desse tala er heller ikkje mål på nøyaktig det same. Som i dei to tabellane over ligg andelen personalkostnader på knapt 80 prosent.

Kommunale barnehagar er 8 kroner (18 %) dyrare i timen enn private, ordinære. Som i analysane over er det stort sett berre personalkostnadene som er ulike.

Born 0–2 år slår her negativt ut, ulikt i tabellane før. Men dette er ikkje overraskande. I denne modellen er det andelen *korrigerede opphaldstimer* som er målt, ikkje andelen born. Ettersom eit lite barn tel som to store born, tyder det negative resultatet at kostnadene er *mindre enn dobbelt så store*. Dette er heilt i tråd med tidlegare resultat. Derimot ser me at *andre kostnader* har ein positiv (men langt frå signifikant) tendens. Dette er i tråd med resultatene i tabellane før, der me såg at desse kostnadene skil seg meir mellom små og store born enn personalkostnadene gjer.

Når det gjeld variabelen med namnet *opphaldstimer av born med under 33 timer opphaldstid, andel av alle opphaldstimer*, har også denne skifta forteikn samanlikna med tilsvarande variabel frå modellane før. Det har si naturlege forklaring i at me her måler kostnader *per timer*. Tolkinga av koeffisienten er noko slikt som kor mykje ekstra per opphaldstimer det kosta å ha born med deltids plass (under 33 ti-

mar), samanlikna med fulltids plass. Det er dyrare å fylla opp barnehagen med born i deltid enn med born i fulltid. Me ser at det er personalkostnadene som aukar, medan *andre kostnader* faktisk kan sjå ut til å krympa. At deltidsborn krev større personalkostnader per time enn fulltidsborn kan ha ulike forklaringar. Kanskje er det vanskelegare å få fyllt opp plassane, ettersom det er ein meir komplisert kabal som må gå opp. Kanskje er det slik at dei som har barnehageplass berre ein eller to dagar i veka, er flinkare til å utnytta opningstida fullt ut enn det familiar med heiltids plass er.

Born som får *ekstra ressursar grunna nedsett funksjonsevne* kostar 29 kroner meir i timen i fylgje modellen. Det utgjer 65 prosent større kostnader enn for andre born. Frå Tabell 11 og Tabell 12 hadde me eit kostnadspåslag på 80–90 prosent. Når resultatet er lågare no, kan det koma av at det serleg er born under 2 år som får slike ekstra ressursar. Når me her nyttar *korrigerte opphaldstimar* der born under to år tel dobbelt så mykje som store, kan det gje utslag i skeive estimat for denne variabelen.

Born med språkstimulering ser også i denne modellen ut til å gje kraftige, reduserte kostnader. Her har me ikkje noko å føya til drøftinga under Tabell 12.

5. Overslag over nasjonale kostnader til barnehagar

I dette kapitlet vil me skalera opp kostnadene frå utvalet me har analysert til heile landet. Me går då ut frå at utvalet er representativt. Gjeve at det er oppfylt, skal overslaget vera rimeleg presis. Som før nyttar me eit gjennomsnitt av årsmeldingane for 2009 og 2010.

Tabell 14: Korrigerte opphaldstimar i utvalet samanlikna med korrigerte opphaldstimar i heile landet.

	Kommunale barnehagar	Andre offentlege barnehagar	Private, ordinære barnehagar	Private familiebarnehagar
Korrigerte opphaldstimar i utvalet	64 552 869	0	52 323 912	4 463 958
Korrigerte opphaldstimar i heile landet.	435 901 848	3 630 312	376 737 529	25 317 959
”Utvalsandel”	14,8 %	0 %	13,9 %	17,6 %

Merknader til tabellen:

- I siste raden har me rekna ut ein ”utvalsandel”. Me har brukt hermeteikn, av di me opererer med litt ulike storleikar. Teljaren i brøken, talet på korrigerte opphaldstimar i utvalet, er eit vekta gjennomsnitt av årsmeldingane frå 2009 og 2010. Nemnaren i brøken, talet på korrigerte opphaldstimar i heile landet, er eit augneblikkbilete per 15.12.2010. Kostnaden me estimerer er altså ikkje totale kostnader i sektoren i 2010, men annualiserte kostnader ved barnehagedrift på nivå som per desember 2010. Dette er same reknestykket som Fürst og Høverstad har gjort i sine analysar.
- I talmaterialet finn me 20 barnehagar som er kombinerte familiebarnehagar og private, ordinære. For desse barnehagane har me fordelt opphaldstimane etter same forholdstal som barnehagane har rapportert at *borna* fordeler seg (18 prosent i familiebarnehage).

Utvalet vårt tilsvarar 14,4 prosent av dei korrigerte opphaldstimane (for alle barnehagetypane) etter at Bergen og Oslo er vekta ned som skrive tidlegare.

Tabell 15: Estimerte kostnader for heile landet.

	Kommunale barnehagar	Andre offentlege barnehagar	Private, ordinære barnehagar	Private familiebarnehagar	Sum alle barnehagar
Korrigerte opphaldstimar	435 901 848	3 630 312	376 737 529	25 317 959	841 587 648
Per time – ordinær drift (tal i 1000)	46,51	46,51	42,70	38,32	
Kostnader – ordinær drift (tal i 1000 kr)	20 273 795	168 846	16 086 692	970 184	37 499 517
Per time – særskild tilrettelegging	4,90	4,90	0,48	0,13	
Kostnader – særskild tilrettelegging (tal i 1000 kr)	2 135 919	17 789	180 834	3 291	2 337 833
Per time – sum	51,41	51,41	43,17	38,45	
Sum kostnader på landsbasis (tal i 1000 kr)	22 409 714	186 634	16 263 759	973 476	39 833 583

Andre offentlege barnehagar hadde me ingen av i utvalet. Fürst og Høverstad (2010) skriv at kostnadene i slike har lege rundt 96 prosent av kostnadsnivået i kommunale barnehagar, og dei nyttar difor kostnadsoverslaga frå dei kommunale barnehagane også for *andre offentlege*. Me gjer her det same.

Me ser at barnehagesektoren ved inngangen til 2011 brukte 39,8 mrd på årsbasis. Desse er fordelte med 22,6 mrd i offentlege barnehagar og 17,2 mrd i private. 37,5 mrd gjekk til ordinær drift, 2,3 til særskild tilrettelegging for funksjonshemma og andre born med særlege behov.

Tabell 16 viser endringar i opphaldstimar og kostnader frå desember 2009 til desember 2010.

Tabell 16: Endring i aktivitet og samla kostnader i barnehagane frå 2009 til 2010. Tal for 2009 er henta frå Fürst og Høverstad (2010).

	Kommunale barnehagar	Andre offentlege barnehagar	Private, ordinære barnehagar	Private familiebarnehagar	Sum alle barnehagar
Korrigerte opphaldstimar 2009	423 738 912	5 154 624	357 236 059	28 241 933	814 371 528
Korrigerte opphaldstimar 2010	435 901 848	3 630 312	376 737 529	25 317 959	841 587 648
Endring i prosent	2,9 %	-29,6 %	5,5 %	-10,4 %	3,3 %
Sum nominelle kostnader i 2009 (1000 kr)	21 119 842	256 915	14 710 717	1 045 902	37 133 376
Sum nominelle kostnader i 2010 (1000 kr)	22 409 714	186 634	16 263 759	973 476	39 833 583
Endring i prosent	6,1 %	-27,4 %	10,6 %	-6,9 %	7,3 %

Me ser at talet på opphaldstimar har auka med 3,3 prosent frå 2009 til 2010. Barnetalet har i same perioden stige noko. Til samanlikning har talet på ungar i al-

dersgruppa 1–5 år auka frå 291 208 i 2009 til 296 064 i 2010. Det svarar til ein vekst på 1,7 prosent.

Når det gjeld *andre offentlege barnehagar*, har desse minka kraftig i omfang også dette året. Så seint som i 2004 stod desse barnehagane for 2,2 prosent av alle korrigerte opphaldstimar. No er talet nesten nede i 0,4 prosent.

6. Finansiering av kostnadene i barnehagane i 2010

2010 var siste året med statleg driftstilskot til barnehagar. Ved sidan av statstilskotet har det først og fremst vore kommunalt tilskot og foreldrebetaling som har vore hovudinntektskjeldene. Ikkje-økonomisk støtte er òg rekna som ei finansieringskjelde, på same måte som dei er rekna som ein del av kostnadene.

Tabell 17: Finansiering av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i 2010 (i prosent av sum kostnader).

	Kommunale barnehagar	Ordinære, ikkje-kommunale barnehagar (n=387)	Private familiebarnehagar (n=150)
Opphaldsbetaling/annan brukarbetaling	15,0 %	17,9 %	16,9 %
Statstilskot	49,8 %	57,8 %	63,8 %
Kommunal driftsfinansiering/kommunale driftstilskot	34,3 %	21,7 %	18,2 %
Andre offentlege tilskot/andre inntekter	0,9 %	1,9 %	0,2 %
Ikkje-økonomisk støtte frå kommunane til ikkje-kommunale barnehagar	0,0 %	0,6 %	0,5 %
Ikkje-økonomisk støtte frå eigaren eller andre	0,0 %	0,1 %	0,3 %
Sum finansiering = sum kostnader + netto overskot	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Underskot		1,1 % (n=135)	0,7 % (n=24)
Minus overskot inkl avsetnad til dekking av skattekrav		-3,2 % (n=252)	-2,4 % (n=126)

Tabell 17 viser samansettinga av finansieringa. Tabellen tilsvarar Tabell 16 i Først og Høverstad (2010), med nokre endringar knytt til korleis me presenterer underskot/overskot for dei ikkje-kommunale barnehagane. Tala våre viser at dei ikkje-kommunale barnehagane går med overskot for utvalet som heilskap. Dette gjeld òg om me reknar utbytte, avsetnad til skattekrav og overført årsresultat som kostnader. Med andre ord er styrking av eigenkapital i sum høgare enn tæringa på eigenkapitalen. Vi måler derfor dei ulike finansieringskjeldene sin del av den totale finansieringa, som igjen svarar til kostnader pluss netto overskot.

Samanlikninga mot tabellane for tidlegare år er litt usikker, av di me ikkje er heilt sikre på om utrekningsmetoden er eksakt lik, men tala ser rimelege ut ved saman-

likning. Foreldrebetalinga som andel av finansieringa er redusert noko frå 2009, ettersom maksimalsatsen har vore (nominelt) uforandra sidan 2009. Reduksjonen er størst i ikkje-kommunale barnehagar. Dette er rimeleg, ettersom det er her kostnadsveksten har vore størst, ein kostnadsvekst som i hovudsak ser ut til å vera finansiert av høgare kommunalt tilskot. Den kommunale finansieringsandelen har gått ned for kommunale barnehagar, medan han har auka for ikkje-kommunale barnehagar. Ein faktor som trekkjer i retning av ei slik utvikling er auken i minste-tilskotet hausten 2010.

135 av dei ordinære, private barnehagane (35 % av utvalet) og 24 av familiebarnehagane (16 % av utvalet) har gått med underskot og tærrar dimed på eigenkapitalen i 2010. Underskotet i desse barnehagane utgjer for den fyrste gruppa 1,1 prosent av dei samla kostnadene i sektoren, og for den andre gruppa 0,7 prosent. Mellom barnehagane som fekk overskot, er dette i gjennomsnitt på 3,2 % av finansieringa for ordinære barnehagar og 2,4 % av finansieringa for familiebarnehagar.

Referansar

Econ Pöyry og Først og Høverstad (2008): *Rammefinansiering av barnehager*, oppdragsrapport for KS, Econ-rapport nr 2008-062.

Først og Høverstad ANS: *Analyse av kostnader i barnehagene*, rapportar for åra 2003-2009. Publisert åra 2004-2010.

Lunder, Trond Erik og Lars Håkonsen (2008): *Kostnadsforskjeller i barnehagesektoren*. TF-rapport nr. 243, Telemarksforsking.

Lunder, Trond Erik og Ailin Aastvedt (2010): *Utgifter i barnehager – Forprosjekt til ny forskrift om likeverdig behandling av private barnehager*. TF-rapport nr. 265, Telemarksforsking.

Vedlegg

Vedleggstabell 1: Oversyn over talet på kommunale barnehagar og opphaldstimar i utvalskommunane i 2010

	Kommune	Kommunale barnehagar i 2010	Kommunale barnehagar i 2009	Korrigerte opphaldstimar per 15.12.2010	Korrigerte opphaldstimar per 15.12.2009	Relativ endring i korrigerte opphaldstimar
0101	Halden	8	9	997 752	1 117 632	-10,7 %
0211	Vestby	8	8	1 607 616	1 562 592	2,9 %
0219	Bærum	82	83	10 645 272	10 297 584	3,4 %
0231	Skedsmo	19	20	5 162 640	5 179 824	-0,3 %
0301-02	Oslo – Grünerløkka	20	19	6 483 600	5 622 624	15,3 %
0301-11	Oslo – Stovner	22	23	3 231 384	3 247 440	-0,5 %
0301-14	Oslo – Nordstrand	30	30	5 586 840	5 515 632	1,3 %
0403	Hamar	20	20	2 378 160	2 355 048	1,0 %
0412	Ringsaker	17	19	2 404 152	2 134 440	12,6 %
0437	Tynset	5	5	621 192	572 160	8,6 %
0520	Ringeby	3	3	261 168	241 416	8,2 %
0702	Holmestrand	5	5	616 800	586 152	5,2 %
0709	Larvik	27	28	3 053 952	2 994 360	2,0 %
0817	Drangedal	3	3	471 144	434 568	8,4 %
0906	Arendal	16	15	1 978 704	1 974 360	0,2 %
1021	Marnardal	3	3	318 504	252 528	26,1 %
1027	Audnedal	2	2	240 432	277 656	-13,4 %
1130	Strand	4	4	501 504	503 400	-0,4 %
1134	Suldal	8	8	607 608	535 560	13,5 %
1149	Karmøy	9	11	1 732 632	1 553 568	11,5 %
1201	Bergen	74	77	14 330 208	14 363 256	-0,2 %
1238	Kvam	10	12	856 392	919 464	-6,9 %
1260	Radøy	4	4	680 712	586 944	16,0 %
1263	Lindås	4	4	652 104	691 344	-5,7 %
1401	Flora	12	12	1 505 808	1 486 488	1,3 %
1413	Hyllestad	2	2	117 840	156 480	-24,7 %
1416	Høyanger	6	6	571 296	556 104	2,7 %
1519	Volda	6	6	586 008	665 280	-11,9 %
1525	Stranda	5	5	423 552	440 640	-3,9 %
1534	Haram	5	5	630 552	532 632	18,4 %
1557	Gjemnes	5	5	409 728	374 856	9,3 %
1567	Rindal	3	3	256 104	249 192	2,8 %
1576	Aure	4	5	311 712	321 744	-3,1 %
1622	Agdenes	2	2	181 560	154 392	17,6 %
1702	Steinkjer	9	9	869 400	840 600	3,4 %
1719	Levanger	9	8	885 528	715 392	23,8 %
1721	Verdal	9	9	1 327 608	1 280 208	3,7 %
1743	Høylandet	2	2	247 680	245 400	0,9 %
1751	Nærøy	5	5	295 392	287 808	2,6 %
1834	Lurøy	6	6	254 328	281 184	-9,6 %
1838	Gildeskål	5	5	238 320	170 592	39,7 %
1866	Hadsel	5	5	516 744	519 192	-0,5 %
1902	Tromsø	44	43	6 801 096	6 853 440	-0,8 %
1920	Lavangen	3	3	174 312	165 192	5,5 %
1925	Sørreisa	3	5	412 824	415 992	-0,8 %
1929	Berg	2	2	83 040	83 160	-0,1 %
1931	Lenvik	14	14	1 591 272	1 531 056	3,9 %
2019	Nordkapp	4	4	411 624	405 864	1,4 %
2020	Porsanger	4	4	233 448	250 920	-7,0 %
2030	Sør-Varanger	15	15	1 483 800	1 435 320	3,4 %
	Sum	592	605	86 241 048	83 938 680	2,7 %

Vedleggstabell 2: Oversyn over ikkje-kommunale barnehagar og opphaldstimar i utvalskommunane i 2010

	Kommune	Tal på barnehagar		Korrigererte opphaldstimar	
		i utvalet	i kommunen	i utvalet	i kommunen
0101	Halden	28	35	2 604 348	3 274 344
0211	Vestby	11	12	1 274 856	1 404 576
0219	Bærum	106	127	9 695 728	11 452 320
0231	Skedsmo	28	35	3 512 948	3 781 032
0301-02	Oslo – Grünerløkka	11	12	1 516 572	1 557 072
0301-11	Oslo – Stovner	5	6	554 806	576 720
0301-14	Oslo – Nordstrand	48	57	3 574 082	4 165 224
0403	Hamar	11	18	1 324 322	1 924 104
0412	Ringsaker	25	27	2 145 428	2 424 360
0437	Tynset	3	4	193 876	233 616
0520	Ringeby	11	13	163 664	218 544
0702	Holmestrand	9	9	934 554	959 712
0709	Larvik	22	28	3 222 406	3 718 344
0817	Drangedal	0	0	0	0
0906	Arendal	41	52	3 294 094	4 533 312
1021	Marnardal	0	0	0	0
1027	Audnedal	0	0	0	0
1130	Strand	6	7	1 340 688	1 647 072
1134	Suldal	0	0	0	0
1149	Karmøy	19	25	4 192 676	5 054 880
1201	Bergen	2	3	202 464	288 360
1238	Kvam	1	1	217 526	266 064
1260	Radøy	0	0	0	0
1263	Lindås	13	14	1 823 926	2 057 328
1401	Flora	3	3	510 976	513 888
1413	Hyllestad	0	1	0	51 336
1416	Høyanger	0	0	0	0
1519	Volda	5	9	506 364	1 025 808
1525	Stranda	2	2	204 918	211 176
1534	Haram	6	6	714 006	737 400
1557	Gjemnes	1	2	56 048	84 672
1567	Rindal	0	0	0	0
1576	Aure	0	1	0	50 424
1622	Agdenes	0	0	0	0
1702	Steinkjer	23	26	2 077 812	2 438 784
1719	Levanger	21	29	1 874 782	2 715 432
1721	Verdal	11	11	1 219 868	1 263 240
1743	Høylandet	0	0	0	0
1751	Nærøy	2	4	95 092	291 456
1834	Lurøy	0	0	0	0
1838	Gildeskål	0	0	0	0
1866	Hadsel	8	8	647 734	663 792
1902	Tromsø	45	54	6 135 054	7 226 040
1920	Lavangen	0	0	0	0
1925	Sørreisa	2	2	72 850	69 840
1929	Berg	0	0	0	0
1931	Lenvik	3	3	480 120	489 360
2019	Nordkapp	1	1	13 050	16 200
2020	Porsanger	3	3	270 574	261 768
2030	Sør-Varanger	1	3	119 658	198 336
	Sum	537	653	56 787 870	67 845 936